



## Notat

Dato: 09.03.2015  
Arkivsak: 2014/11292-10  
Saksbehandlar: lisadla

---

<b>Til:</b>	Fylkestinget
<b>Frå:</b>	Fylkesordføraren

---

### Svar på spørsmål om trafikksituasjonen ved Kirkevoll skole

Representanten **Sveinung Valle** (Ap) har sett fram spørsmål om trafikksituasjonen ved Kirkevoll skole, i samband med utbygginga av E39 Svevatjørn-Rådal parsellen. Det er venta mykje tungtrafikk i området langs skulevegen.

Følgjande spørsmål er stilt til fylkesordføraren:

*Vil fylkesordføraren ta initiativ overfor Bergen kommune for å få til ei rask handsaming, slik at planen når bystyrehandsaming i juni d.å ?*

*Vil fylkesordføraren ta initiativ overfor Statens vegvesen slik at handsaming av merknader til reguleringsplanen får høgast prioritet?*

*Vil fylkesordføraren syte for at politiske organ i fylkeskommunen får ei sak på problemstillinga med sikte på å få gangtunnell ved Kirkevoll skule på plass før anleggsstart?*

Trafikksikringstiltak retta mot mjuke trafikantar er eit viktig satsingsområde i nasjonale, fylkeskommunale og kommunale trafikksikringsplanar. I Bergensprogrammet er det for perioden 2014-2017 sett av 120 mill kroner til trafikksikringstiltak. Innanfor dette er ulike tiltakstyper prioritert, og når det gjeld tiltak mot fotgjengarulukker er det sett av 37,5 mill kroner for fireårsperioden.

Gangtunnelen inkludert rundkøyring ved Kirkevoll skole (Fv 546) er i utgangspunktet eit lokalt trafikksikrings- og framkomsttiltak under programområde trafikksikkerhet. Dette tiltaket er sett opp i slutten av perioden, og for dette tiltaket er det sett av 13 mill kroner som oppstartskostnader i 2017. Den totale kostnaden er vesentleg høgare, anslagsvis ca. 50-60 mill. kr, og tiltaket er pr. i dag ikkje fullfinansiert.

For å kunne framskande gjennomføringa av dette tiltaket så avheng det i fyrste rekke av at reguleringsplanen vert godkjent, og at nødvendig finansiering kan komme på plass.

Det er Bergen kommune som er planmynde i denne saka, men frå Statens vegvesen si side vert det opplyst at Statens vegvesen vil handsame innkomne merknader så snart som mogleg.

Bergen kommune har bedt Statens vegvesen om eit snarleg møte om denne saka, og Hordaland fylkeskommune vil delta på dette møte, i form av si rolle som vegeigar.

Det vil verte vurdert å arbeide for å få ned omfanget av prosjektet.